

# **Prosjektplan for kulturminneregistrering i samband med detaljplan for bustadområde B07 og skuleområde ved Austrheim vidaregåande skule, planid. 2021001, Austrheim kommune**

Vi viser til brevet i saka der vi varsla at planområdet har potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Prosjektplanen gjer greie for kva vi ventar å finne, arbeidsmetodar og omfang av registreringa.

## **Potensialvurdering**

Det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne i planområdet. Områdets høgd over havet og topografiske forhold indikerer potensial for funn av buplassar og aktivitetsstader frå steinalderen. Området har potensial for funn av kulturminne knytt til bruk av utmarka, som jarnvinne, tufte, tjøremiler. Slike kulturminne gjev viktig informasjon om busettning og ressursutnytting lenge før det finst skriftlege opplysningar.

Det planlagde tiltaket utgjer eit offentleg tiltak, og tiltakshavar si undersøkingsplikt må gjennomførast i området. Vi viser her til lov om kulturminne §§ 9 og 10.

## **Registreringsmetodar**

Det blir nytta fleire metodar ved registrering. Kva metode som er vald, er avhengig av topografi og kva type kulturminne vi reknar med å påvise. Med dei ulike metodane kan det lokaliserast kulturminne med eller utan synlege spor på markoverflata. Ved registreringa skal vi nytte metodane prøvestikking og overflateregistrering.

Overflateregistrering blir nytta i område med potensial for funn av synlege kulturminne i markoverflata.

Ved prøvestikking grep vi prøveruter for hand på om lag 40x40 cm ned til funntom undergrunn. Jordmassane blir oftast vass-sålda i 4 mm såld for å fange opp eventuelle funn.

Førhistoriske strukturar og funn samt prøvestikk vert dokumentert ved planteikning og foto, og innmålt digitalt med CPOS/GPS.

Etter feltarbeidet blir resultata frå registreringa systematisert og samanfatta i ein rapport som vert send til tiltakshavar. Kartfiler som viser automatisk freda kulturminne kan sendast før den endelige rapporten er ferdig dersom det er ynskjeleg.

## **Omfang av registreringa**

Det er i denne saka budsjettert med 2 personar i felt i inntil 5 dagar, inklusive reise til og frå oppdraget, og inntil 5 dagsverk til førebuing, rapportarbeid og oppfølging. I tillegg kjem inntil 2 stk. 14C-prøvar i fall det blir påvist relevant dateringsmateriale. Katalogisering av eventuelle gjenstandsfunn blir utført av Universitetsmuseet i Bergen.

17.06.2021

Vestland fylkeskommune, Avdeling for kultur, idrett og inkludering, Seksjon for kulturarv